



# Statens vegvesen Nasjonale Turistvegar


## Mindre endring av reguleringsplan for Gjendeosen – Reinsvangen i Vågå kommune

Planomtale

PlanID 3435003

Vedteke av Vågå formannskap 11.02.2025  
Sak 4/2025





**INNHOOLD**

**1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET ..... 4**

**2. ENDRINGAR I HØVE TIL GJELDANDE REGULERINGSPLAN ..... 6**


**3. REGULERINGSPLAN - PROSESS ..... 9**

**4. HOVUDDRAMMER FOR PLANARBEIDET ..... 12**

**5. OPPDATERT SITUASJON – GJENDEOSEN ..... 13**

**6. ENDRING AV REGULERINGSPLANEN..... 15**

**7. KONSEKVENSER AV PLANENDRINGEN ..... 16**




# 1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

## 1.1 Endringar i høve til gjeldande plan

Gjeldande reguleringsplan er frå 2020. Planen er vist i figuren nedanfor. Planområdet dekkjer aksa Gjendeosen - Reinsvangen, med ein del tilstøytande areal.

Det er no ønskje om endringar av reguleringsplanen for eit avgrensa område ved Gjendeosen. Planendringane gjeld ein ny grunnvassbrønn som er etablert i området, med tilhøyrande sikringssoner, og reduksjon i trafikkareal ved det nye servicebygget. Aktuelle endringar er omtalt meir detaljert i kap. 2.



## 1.2 Ansvar for planen

Planen er utarbeidd av Structor Lillehammer AS på vegne av Statens vegvesen, Nasjonale Turistvegar, i samarbeid med Vågå kommune. Kontaktpersonar for planarbeidet er:

- Vågå kommune ved Ingunn Moen Helland Telefon 61 29 36 00
- Statens vegvesen, Nasjonale turistvegar ved Werner Harstad Telefon 952 76 094
- Structor Lillehammer AS ved Harald Snippen Telefon 932 43 076

## 1.3 Nasjonale turistvegar - Valdresflye

Statens vegvesen utviklar Nasjonale turistvegar på oppdrag frå Regjering og Storting. Med nyskapande arkitektur i unik norsk natur langs i alt 18 vegstrekningar er det laga ein turistattraksjon som vekker interesse hjå turistar og vegfarande.

Nasjonal Turistveg Valdresflye går frå Garli til Hindsæter med ein avstikka til Gjendeosen. Strekningen er ca. 49 km lang og går opp til 1.389 m.o.h.

Gjende er peikt ut som eitt av tre nasjonale "ikon-punkt" langs dei nasjonale turistvegane, grunna staden sin betydning for reiselivet nasjonalt, regionalt og lokalt. Dei to andre er Trollstigplatået og Vøringsfossen.

Gjende, det vil si Gjendeosen og Reinsvangen, er det største turistvegprosjektet langs Nasjonal turistveg Valdresflye. Avstikkaren inn til Gjendeosen er ca. 2 km lang og er ein del av fylkesvegen.

Gjende, med sin irrgønne farge og omgitt av ville fjell, er kjent som den vakraste innsjøen i Jotunheimen. I vestenden ligg Gjendebu, på nordsida Memurubu, og i austenden Gjendesheim.

Om sommaren går det båt mellom desse tre stadene. Kwart år tek titusenar båten frå Gjendesheim til Memurubu og går via Besseggen tilbake.

#### 1.4 Gjende - Gjendeosen og Reinsvangen

I 2013 vart det utarbeidd og godkjent ei såkalla område-reguleringsplan for Gjendeosen – Reinsvangen. Denne vart revidert i 2020, og det vart da utarbeidd ei detaljreguleringsplan. Denne planen har vore lagt til grunn for den utvikling som har skjedd fram til i dag.

Det har vore eit overordna mål å avgrense trafikken inn i området mest mogleg, og å ordne trafikken på en sikker og smidig måte. Det meste av parkeringa er no lokalisert til Reinsvangen, og persontransport skjer i stor grad med buss. Det vart vesentleg fleire parkeringsplassar samla sett, men ein betydeleg reduksjon på Gjendeosen. Med dette grepet blir trafikksituasjonen langt meir oversiktleg og trygg langs fylkesvegen og på Gjendeosen.

**På Reinsvangen** er det opparbeida ein stor parkeringsplass, med service-/toalettbygg, oppstilling for bussar og 7-800 personbilar.



**Ved Gjendeosen** er det bygd ei ny ferjekai, med tilhøyrande lager/bryggehus, og eit nytt servicebygg med kafé og toalett. Her er parkering for ca. 55 personbilar. Av desse er 4 plassar for HC-parkering, 33 plassar reservert for ulike brukarar innan området, medan resten er sett av til korttidsparkering for besøkande til Gjendeosen.




Naturrommet ved Gjende er storslagent, men knutepunktet på Gjendeosen har tidlegare stått fram som eit sår i landskapet. Dei store parkeringsareala stod i sterk kontrast til kvalitetane i landskapsrommet rundt. Desse areala er nå vesentleg redusert, og store areal er tilbakeført til grønt-/naturområde, deriblant er ein bekk, som tidlegare var lukka under parkeringsområdet, nå gjort om til eit ope bekkeløp.

## 2. ENDRINGAR I HØVE TIL GJELDANDE REGULERINGSPLAN


Ved tidlegare regulering meinte ein å løyse vassforsyninga til det nye servicebygget ved å kople seg på eit nytt anlegg ved Gjendesheim. Dette vart vanskeleg, og det er nå etablert ein ny borebrønn som hentar vatn frå lausmasser i området, merka A i figuren nedanfor. I tilknytning til ein slik brønn vert det definert såkalla klausulerings-soner, som kan påverke arealbruken innanfor desse områda. Det er ønskeleg at desse er vist i gjeldande reguleringsplan for området. Meir konkret innhald i desse er vist i kap. 2.1.

I gjeldande plan er regulert eit område for etablering av eit nytt VA-anlegg ved Gjendesheim, merka B i figuren nedanfor. Som følgje av at ny borebrønn er etablert, er det ikkje lengre aktuelt å etablere dette anlegget, og desse areala vert da ein del av areal for Hotell/overnatting.

Det er ønskeleg å redusere rundkøyringa i trafikkkarealet, merka C i figuren, og i staden utvida opphaldsareala framfor det nye servicebygget.



## 2.1 Grunnvassbrønn



Den nye brønnen, med klausuleringssoner, er godkjend av Mattilsynet. Figuren ovanfor viser avgrensing av dei aktuelle klausuleringssonene, lagt oppå gjeldande reguleringsplan.

Sone 2 går litt utanfor gjeldande reguleringsplan, her er planområdet utvida, men dette påverkar ikkje arealbruk innan området.

Innan alle soner er det forbod mot spreie husdyrgjødsel og kunstgjødsel, og å etablere:

- Infiltrasjonsanlegg
- Reinseanlegg for avløpsvatn
- Anlegg som kan gi utsepp til bekkar med utløp i sikringssonene, av forureina overflatevatn eller overvatn frå flater der det kan være fare for forureining.
- Nye drivstoff- og oljeleidningar
- Lager av stoff med utvaskbare, helseskadelege og tregt nedbrytbare kjemiske forbindelsar
- Permanent lager for olje og drivstoff. Unntaket er oppbevaring av drivstoff til båtane ved kaia. Drivstoff skal oppbevarast utilgjengelig for allmenten, f. eks låst inne i ein container.
- Permanente lager for søppel og avfallsstoff. Søppelanlegg i samband med kioskdrifta, er tillate, forutsett at det vert brukt containere med tett botn.

### 2.1.1 Sone 0 – området rundt brønnen

I sone 0 er det normalt krav om sikringstiltak for å unngå ferdsl i området, for eksempel inngjerding eller takoverbygg. Dette vil bli eit visuelt forstyrrende element i området, og er i staden løyst ved at det over brønnen blir sett ein kum med tett lokk, og at det ut frå denne blir lagt ein tett membran. Terrenget over brønnen blir med dette 70-80 cm over tidlegare terreng, og blir tilpassa areala rundt det nye servicebygget og turstiar til/frå området.

### 2.1.2 Sone 1- strandsone og området rundt

Sone 1 er åpen for turgåare, men det er ikkje tillate å slå opp telt eller campe i denne sona. Det blir vurdert å setje opp skilt langs strandsona, som varslar om nærliggjande drikkevassbrønn.

Det skal i utgangspunktet ikkje tillast motorisert ferdsel innanfor Sone 1. Unntak er nødssituasjonar som f. eks brann eller flom, der det må tillast at tyngre køyretøy tek seg inn i sone 1.

I tillegg er det tillate med motorisert ferdsel i samband med følgande aktivitetar i denne sonen:

1. varelevering til terminalbygget
2. ferdsel til fjellstyrehytta (gnr./bnr. 187/1/975) nord for det nye terminalbygget
3. utkøyrsel med snøscooter ut på Gjende-isen i vinterhalvåret, for å køyre varer til/frå Gjendebu og Memurubu. Dette skal skje nord for brygga, da isen er usikker lengre ned. Det er ikkje tillate med fylling/etterfylling av drivstoff på snøscooter eller andre typar køyretøy i denne sonen.

### 2.1.3 Sone 2 – resten av sonen

For Sone 2 skal motorisert ferdsel berre skje ved drifta av ferjekaia, og for tilsette og besøkande som skal bruke parkeringsplassen ved fergeterminalen.


For å hindre menneskeleg forureining av bekkeløp nord for terminalbygget, skal det skiltast om nærliggande vassbrønn, og at dei som bruker området må ta omsyn til dette.

Aktivitetane 1-3, som er omtalt under sone 1, gjeld også for sone 2.

## 2.2 Redusert trafikkareal og byggeareal

Figuren nedanfor viser utforming av ny rundkøyring/snuplass ved Gjendeosen. Snuplassen er her ein del mindre enn det som er vist i gjeldande reguleringsplan. Dette gir då større opphaldsareal (C) mellom snuplassen og det nye servicebygget, noko som er gunstig for drifta av servicebygget etc.

Ettersom utforming av det nye servicebygget nå er fastlagt, er areal for dette (KA1), redusert i ny plan.





## 3. REGULERINGSPLAN - PROSESS

### 3.1 Prosess

Oppstart av planarbeidet vart varsla 29. mai 2024, med frist for innspel den 21. juni 2024. Det kom i alt 6 innspel til planarbeidet, desse er meir omtala i kap 4.2.

Dei aktuelle endringane gjeld ein liten del av gjeldande reguleringsplan, og har små konsekvensar for arealbruken i området, i hovudsak positive, ved at trafikkareal vert redusert, og VA-anlegg utgår.

Stortinget vedtok i 2017 en rekke endringar i plan- og bygningsloven. Blant anna gjeld dette §12-14, som går på endring og oppheving av reguleringsplan. Gjeldande utgåve av §12-14 er:

#### **§ 12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan**

For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjelder samme bestemmelser som for utarbeiding av ny plan.

Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hovedrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.

Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.

Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om å oppheve plan som i det vesentlige er i strid med overordnet plan. Før det treffes slikt vedtak, skal eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.

Ny plan er i hovudtrekk i samsvar med gjeldande reguleringsplan og kommuneplanens arealdel. Ny plan medfører ikkje endringar i forhold til dyrka mark eller viktige natur- eller friluftsområde, og har ikkje innhald eller konsekvensar som omfattast av forskrift om konsekvensutgreiingar. Aktuelle endringar vil ikkje påverke gjennomføringa av andre deler av gjeldande plan.

Den føreslåtte endringa av reguleringsplanen er difor vurdert til å falle inn under andre avsnitt i § 12-14. Dette betyr at endringane kan bli handsama som ei endring med forenkla prosess, dvs. at planen vert lagt fram direkte til Formannskapet, utan full planprosess.

Det kom ingen innvendingar mot dette gjennom dei innsendte innspela, jf. kap. 4.2.

### 3.2 Innspel til planarbeidet

Det kom 6 innspel til planarbeidet, som følgje av oppstartvarselet:

1. Statsforvaltaren
2. Innlandet fylkeskommune
3. Mattilsynet
4. NVE
5. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
6. DNT Oslo og Omegn
7. Memurubu Turisthytte

Innhaldet i desse er omtalt og kommentert nedanfor.

### 3.2.1 Statsforvaltaren

#### **ROS-analyse:**

Samfunnstryggleik- og beredskapsmessige forhold skal ivaretakast i reguleringsplanen på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1 pkt. h og 4-3. Dette kravet gjeld og ved endring av plan, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

#### **Formell handsaming av planen:**

I plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd står det følgande:

*«Kommunestyret kan delegera myndigheten til å treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.»*

Vi ser ikkje at omsøkte endring er i strid med denne føresegna, og Statsforvaltaren vil ikkje gå imot endring som omsøkt.

#### **Kommentarar frå tiltakshavar:**

Det er gjort ei vurdering av planendringane, og konkludert med at desse ikkje medfører endringar i forhold til risiko- og sårbarheit. Det er difor ikkje vurdert som naudsynt å endre ROS-analysen som vart laga ved endring av planen i 2020, sjå meir om dette i kap. 7.5.

Det er bra at ein forenkla formell prosess kan leggjast til grunn.

### 3.2.2 Innlandet fylkeskommune

#### **Plan:**

Fylkeskommunen meiner at planen kan godkjennast gjennom ein forenkla prosess, som omsøkt.

#### **Kulturarv:**

Reguleringsendringa vil etter det vi kjenner til ikkje få nån betydning for automatisk freda kulturminne. Det vises ellers til varslingsplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd.

#### **Samferdsel:**

Alle tiltak som rører ved fylkesveg skal ha utforming i samsvar med vegnormalen; Statens vegvesens handbok N100 «Veg- og gateutforming», og byggeplan skal godkjennast av samferdselsavdelinga i Innlandet fylkeskommune før det kan givast igangsetjingsløyve.

Vi saknar dokumentasjon som viser sporing for større turistbussar (15 meter lange), lastebilar og brøytebilar i rundkøring/snuplassarealet og føreset at trafikkarealet er tilrettelagt slik at desse kjem fram sjølv om det no blir planlagt med eit redusert trafikkareal. Dette gjeld òg for lastebilar som skal levere varer ut til kaiområdet.

#### **Kommentarar frå tiltakshavar:**

Aktuelle forhold er ivareteke i planforslaget.

### 3.2.3 Mattilsynet

Mattilsynet peikar på at sone 0 for ny brønn i utgangspunktet skulle vere inngjerda. Når dette no er endra, må ein oppdatere farekartellinga knytt til brønnen, og sende denne til Mattilsynet.

Kommentar frå tiltakshavar: Ny farekartlegging er utarbeidd og sendt til, og godkjend av Mattilsynet.

### 3.2.4 NVE

NVE har berre generelle innspel, ingen konkrete innspel til planarbeidet.

### 3.2.5 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Nasjonalparkstyret peikar på at området rundt turistveganlegget ved Gjende må tilretteleggjast slik at ein får ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Turen langs vatnet representerer eit viktig tilbod for dei som ikkje tek fatt på den krevjande turen over Besseggen.

Det er noko uheldig at ny brønn er lagt i gangvegtraseen i gjeldande reguleringsplan frå 2020, men så lenge det blir gjort terrengtilpassingar slik at ein får ein tydeleg gangsti på utsida av servicebygget og vidare vestover mot nasjonalparken vil prinsippet om gangvegtrase langs Gjende vera tilfredsstillande ivareteke. Det vil vera viktig med ei god linjeføring og romsleg passasje for dei som ønskjer å gå langs vatnet. Fri ferdsel langs vassdraget må oppretthaldast, og gangvegen må ikkje innskrenkast eller sperrast av utemøblar eller liknande langs kortveggen på sørsida av servicebygget mot Gjende.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:

Dei aktuelle punkta er ivareteke i revidert plan.

### 3.2.6 DNT Oslo og Omegn

DNT Oslo og Omegn har to merknader til forslaget:

- I gjeldande reguleringsplan er eit område inne på Gjendesheim si festetomt regulert for eit nytt felles VA anlegg (VA2). Det er no ikkje aktuelt å etablere bygg eller for VA i det regulerte området VA2. DNT ber difor om at VA2 vert teke ut av planen, og at arealet kan inngå i H1.
- I gjeldande reguleringsplan er parkeringsplassen ved Gjendeosen utvida (P2) slik at parkeringsarealet kom inn på festetomta til Gjendesheim. Dette er ikkje gjennomført og er no ikkje aktuelt. DNT ber difor om at den delen av P2 som går inn på festetomta til Gjendesheim, vert teke ut av planen.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:

VA2 er no teke ut av planen, jfr. Kap. 2.

P2 har vore diskutert i planforum i Vågå kommune, og det vart konkludert med at det ikkje er aktuelt å ta denne ut av planen no.

### 3.2.7 Memurubu Turisthytte

I innspelet vert det peika på at det er viktig å legge til rette for ein vinterveg for beltekøyretøy til Memurubu, mellom kaia og det nye servicebygget.

Her må det leggjast til rette for ei nedkøyring til Gjendevatnet, relativt flat, og med minimum 7 meter breidde. Innan aktuell trasé må det ikkje være skilt, kantstein eller forhøgningar av terreng, som kan hindre køyring.

#### Kommentarar frå tiltakshavar:

Dette påverkar ikkje utforming av reguleringsplanen, men er ivareteke ved utforming av dei aktuelle areala mellom kaia og servicebygget.

## 4. HOVUDDRAMMER FOR PLANARBEIDET

### 4.1 Nasjonale turistveggar

Statens vegvesen sitt arbeid med nasjonale turistveggar er forankra i Nasjonale transportplanar, dei årlege budsjettproposisjonane for Samferdselsdepartementet og Regjeringa sine reiselivsstrategiar. Det daglege ansvaret er lagt til Turistvegseksjonen i Vegdirektoratet.

I alt 18 vegstrekningar med 10 store tiltakspunkt og ei rekkje andre mindre og større punkt, skal utviklast til turistattraksjonen Nasjonale turistveggar. Oppgåva er å laga ein turistattraksjon som skal vekka internasjonal og nasjonal interesse hjå turistar og vegfarande. Målet er å medverka til styrka næringsliv og busetting, ikkje minst i distrikta.


Nasjonal Turistveg Valdresflye går frå Garli til Hindsæter med ein avstikkar til Gjendeosen. Strekingen er ca. 49 km lang. Gjende er peikt ut som eitt av tre nasjonale "ikon-punkt" langs dei nasjonale turistvegane, grunna staden sin betydning for reiselivet nasjonalt, regionalt og lokalt.

### 4.2 Kommunedelplan

Kommuneplanens arealdel vart vedteken av kommunestyret 9. august 2017. Denne er samanfallande med arealbruk vist i reguleringsplan for Gjendeosen-Reinsvangen.

### 4.3 Gjeldande reguleringsplan (planID 34350003)

Gjeldande reguleringsplan Gjendeosen - Reinsvangen vart godkjent av kommunestyret 23. juni 2020.



### 4.4 Andre planar i området

Det er ingen andre planar i området som har innverknad på arbeidet med reguleringsplan Gjendeosen-Reinsvangen.

## 5. OPPDATERT SITUASJON – GJENDEOSEN

Gjende, med Reinsvangen, Gjendesheim og Gjendeosen, er den viktigaste inngangsporten til Jotunheimen Nasjonalpark, både for turistar og for det lokale næringslivet. I sommarmånadene er Gjendeosen eit svært travelt knutepunkt. I 2024 hadde Gjendebåtane ca 50.000 passasjerar. I tillegg skal ein ivareta naudsynt parkering, varetransport til og frå Memurubu og Gjendebu, transport av husdyr på flåte, utsetting av småbåtar for fiske på vatnet, og parkering for 4-5 bussar samtidig, i form av skyttelbuss til/frå Reinsvangen, rutebussar og turistbussar.

Dette betyr at det er hektisk aktivitet på Gjendeosen, og det er viktig at anlegg vert utforma slik at ein sikrar god trafikktryggleik, og at opplevinga av området blir minst mogleg prega av trafikk og logistikk.

Revidert situasjonsplan for Gjendeosen er vist nedanfor. Det er lagt vekt på å utforme eit knutepunkt som gir god publikumslogistikk, på ein kompakt og effektiv måte.



Den øvre delen av tidlegare parkeringsplass er tilbakeført til natur. Det er bygd ny kai og nytt bryggehus med lager på brygga. Dette gir god drift og logistikk for Gjendebåtane. Bryggehuset står på ei betongbrygge. Ei trebrygge i front er lang nok til at begge båtane kan fortøye inntil. Nytt terminal-/servicebygg vart opna i juni 2024.

Mellom Gjendeosen og Memurubu og Gjendebu går det transport med beltekøretøy på vinteren. Det er difor viktig at det vert sikra areal for ei nedkøyring med slike køyretøy, mellom brygga og servicebygget. Nedkøyringa må være ca. 7 meter brei, og utan hinder som brøyta snø, skilt, markeringssteinar etc.



Det er nå parkering for ca. 55 personbilar på Gjendeosen, derav 33 reserverte plassar og 4 HC-plassar, resten er korttidsparkering. Dei reserverte plassane er knyta til:

- Gjendebu turisthytte 3 plassar
- Memurubu Turisthytte 4 plassar
- Fjellstyret/fjelloppsynet 3 plassar
- Gjendebåtane 2 plassar
- Vågå kommune 1 plass
- Tilsette i servicebygget 6 plassar
- Personar med bruksrett 14 plassar

For å legge til rette for auka kollektivtrafikk, er det sett av plass for 4-5 bussar samstundes.





Tidlegare parkeringsareal er tilbakeført til grøntområde, det er etablert en ny «sherpa-sti» sti mot Besseggen, og ny sti mot Memurubu.



## 6. ENDRING AV REGULERINGSPLANEN

Utklipp frå ny og gjeldande reguleringsplan er vist i figurane nedanfor. Endringar er:

- Det er lagt inn klausulerings-soner knyta til den nye grunnvass-brønnen, og planområdet er noko utvida som del av dette.
- Eit område for etablering av eit nytt VA-anlegg ved Gjendesheim, er teke ut av planen.
- Trafikk- og byggeareal ved Gjendeosen er noko redusert



## 7. KONSEKVENSER AV PLANENDRINGEN

Som del av tidlegare planarbeid vart det laga eit planprogram som var ute på høyring og godkjent av Vågå kommune.

I planprogrammet vart det stilt krav om utgreiing av landskap og terrenginngrep, kulturminne og kulturmiljø, og transport og trafikk. Det vart da utarbeida egne rapportar for dei tre tema, som del av planarbeidet. Utbygging har skjedd innanfor dei rammer som gjeldande reguleringsplan gir.

### 7.1 Landskap og terrenginngrep


Tiltak med vesentlege følgjer i forhold til landskap og terrenginngrep, er allereie gjennomført. Dette gjeld nye bygg/anlegg, i hovudsak fjerning av parkeringsplassar på Gjendeosen, med tilbakeføring av terreng, som må seiast å vere svært positivt i høve til landskapsbildet på Gjendeosen.

Aktuelle planendringar, dvs ny grunnvassbrønn og reduserte bygge- og trafikkareal, har ingen negative konsekvensar i forhold til landskap og terreng.

### 7.2 Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen har, som del av tidlegare planarbeid, gjennomført registreringar for å oppfylle plikt til undersøking i samsvar med Kulturminnelova §9. Kulturminna er vist på figuren nedanfor, og desse er lagt inn i reguleringsplanen.

Aktuelle planendringar har ingen konsekvensar for kulturminne.



### 7.3 Transport og trafikk

I 2024 var det ca. 50.000 passasjerar med Gjendebåtane. Dei fleste som går Besseggen, går frå Memurubu til Gjendesheim, dvs. at dei tek båt frå Gjendeosen til Memurubu, og går Besseggen tilbake. Det går to båtar; Kåre Johan tar 98 passasjerar, og Gjendine tar 80 passasjerar.

Det er nå, i samsvar med tidlegare reguleringsplan, lagt opp til eit fåtal parkeringsplassar ved Gjendeosen, og ca. 800 plassar for personbilar på Reinsvangen. Mellom parkering på Reinsvangen og Gjendeosen går det skyttelbuss.

Trafikkavviklinga fungerer bra, og det er ikkje behov for endringar eller meir utgreiing av dette temaet.



## 7.4 Andre konsekvensar av planen

Det er ikkje avdekka andre konsekvensar som følgje av dei aktuelle planendringane.

## 7.5 ROS-analyse

I samband med planarbeidet i 2020 vart det utarbeidd ei relativt omfattande ROS-analyse.

I analysen vart 52 ulike hendelsar vurdert, ut frå ei eiga sjekkliste, basert på rundskriv frå DSB.

Av dei 52 hendelsane vart 5 vurdert som aktuelle for planområdet:

- 1 Masseras/skred (ivareteke i planen, med faresoner i plankartet)
- 2 Snø-/isras (ivareteke i planen, med faresoner i plankartet)
- 4 Elveflom (ivareteke i planen, med faresoner i plankartet)
- 5 Radongass (ivareteke i planen, servicebygg planlagt med radonsperre)
- 13 Kulturminne/kulturmiljø (sjå kap. 7.2)

Ny grunnvassbrønn er utforma i forhold til dimensjonerande flom i vassdraget.

Reduksjon av trafikk- og byggeareal påverkar ikkje nokon av dei 5 hendelsane.

Konsekvensar i forhold til dei 5 hendelsane ovanfor, eller andre punkt i ROS-analysen, vert ikkje endra som følgje av aktuelle planendringar.

Dei endringane som nå vert gjort i planen, er difor vurdert til å gi liten eller ingen endring i risiko-bildet.

Statens vegvesen, Nasjonale Turistvegar, kan ikkje sjå at det er negative konsekvensar knytt til ny plan.

